



Jobbnorge-ID: 110102
Søknadsfrist: Heaittihuvvon
Nettside:
Omfang:
Varighet:

BERGEN FENGSEL OG BJØRGVIN FENGSEL

Vil du jobbe som ekstrabetjent i Bergen fengsel eller Bjørgvin fengsel?

- Har du lyst til å jobbe i fengsel?
- Tenker du deg inn på fengselskulen?

Eller:

- Er du student og vil ha sommarjobb og/eller arbeid i helgane?
- Har du lang arbeidserfaring frå anna arbeid og ynskjer å ta enkeltvakter i fengselet?

Bergen og Bjørgvin fengsel er interessante arbeidsplassar med utfordrande arbeidsoppgåver og godt arbeidsmiljø. Kriminalomsorga arbeider i spenningsfeltet mellom omsorg og kontroll, grensesetjing og støtte. Dette stiller store krav til kompetanse og haldningar hos dei tilsette.

Alle ekstrabetjentar må gjennom ei omfattande og obligatorisk opplæring på nær 100 timar, mellom anna konflikthandsaming, samt opplæringsvakter på avdelingane. Du vil få løn under opplæringa.

Vilkår

Løn i stillingskode 1078 betjent i LR 02 alternativ 3, frå lønstrinn 21-33, avhengig av dokumentert ansiennitet. Frå løna vert det trekt to prosent pliktig innskåt til Statens pensjonskasse.

Kvalifikasjonar:

- vandel det ikkje er noko å utsetje på
- fylt 20 år i 2015
- generell studiekompetanse
- førarkort klasse B
- god helse og fysikk - kunne gjennomføre ein fysisk funksjonstest
- personlege eigenskapar som gjer deg kvalifisert for teneste i kriminalomsorga

Informasjonsmøte i kantina på Bergen rådhus, Rådhusgt.10, onsdag 11. februar kl. 18.00.

Vil du søkje i Bergen fengsel og har spørsmål, ring Roar Johannessen 55393742 eller Målfrid Kallekleiv 55393666.
Vil du søkje i Bjørgvin fengsel, ring Linda Solberg 55251296

Kriminalomsorga si nettside:

<http://www.krus.no/opptakskrav.5223812-307442.html>

Den statlege arbeidstyrken skal i størst mogeleg grad reflektere mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å ha eit personale med ei jamn fordeling av kjønn og alder og å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Kvinner og personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Søknaden må innehalde opplysningar om tidlegare arbeidserfaring, og når du ynskjer å jobbe i sommar.

Send søknaden via jobbnorge.no

Søknadsfrist 1. mars 2015

Kriminalomsorgen region vest

Bergen fengsel / Bjørgvin fengsel

Dokumentsenter, Postboks 694

4305 Sandnes

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: